



Austrheim kommune



Revidert: 05.04.16



**Eigarskapsmelding –
del 1,2 og 3
Selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eiedomar**

Innhald:	Side
Del 1	
1. Innleiing	3
2. Ks Eierforum om eigarskapsmelding.....	3
3. KS Eierforum sine 19 tilrådingar	4 – 9
4. Arbeid med eigarskapsmeldinga	9
Del 2 Selskapsoversyn	
2.1 Avgrensing av selskapsgjennomgangen	10
2.2 Selskap der Austrheim kommune har eigarinteresser	10
2.2.1 AS Austrheim Næringssselskap.....	10
2.2.2 Nordhordland Industriservice.....	11
2.2.3 BKK	12
2.2.4 Aufera	13
2.3 Andre selskap der kommunen har eigarskap	14
2.3.1 Sambandet Vest AS.....	14
2.3.2 Andre selskap der kommunen har eigarskap.....	15
2.4 Andre Samarbeidstiltak	15-16
2.5 Samarbeidstiltak organisert med vertskommunar.....	17
2.6 Interkommunale selskap IKS.....	17
2.6.1 Nordhordland Utviklingsselskap IKS.....	17
2.6.2 NGIR	18
2.6.3 Nordhordland revisjon IKS	18-19
2.6.4 Interkommunalt arkiv Hordaland IKS	19
Del 3 – Kommunale egedomar	20
1. Gnr 128 bnr. 68	21
2. Gnr. 130 bnr. 7	22
3. Gnr. 130 bnr. 159 og 160	23
4. Gnr. 131(Fonnes Aust)	24
5. Gnr. 131 bnr. 115.....	25
6. Gnr. 131 bnr. 195.....	26
7. Gnr 131 bnr. 195.....	27
8. Gnr. 132 bnr. 41 og 46.....	28
9. Gnr 142 bnr. 85	29
10.Gnr.142 bnr. 101	30
11.Gnr. 142 bnr. 124	31
12.Gnr. 142 bnr. 209	32
13.Gnr. 149 bnr. 5	33
14.Gnr. 149 bnr. 150	34
15.Gnr. 149 bnr. 11 og 26	35
16.Gnr. 165 bnr. 54	36
17.Gnr. 166 (Sævrøy Vest).....	37
18.gnr. 166 (Sævrøy Aust)	38

Del 1

1. Innleiing.

Ei eigarskapsmelding har fylgjande føremål:

- Kartleggja kva kommunen eig i ulike selskap
- Kartleggja dei interkommunale samarbeidsarenaer kommunen er med i
- Avklara kvifor kommunen i si tid gjekk inn i dei ulike eigartilhøve eller samarbeidstiltak.
- Avklara kva kommunen vil med dei ulike eigarskap og samarbeidsarenaene
- Vera ei rettesnor for dei som representerer kommunen i dei ovanfor nemnde arenaene
- Gi signal til dei ulike samarbeidskonstellasjonane kva mål Austrheim kommune har med sitt aktive eigarskap
- Avklara om kommunen eventuelt skal arbeide for å gå ut av ulike eigarskap.
- Kartlegge eigedomane kommunen eig

Denne første delen av eigarskapsmeldinga som vart handsama i Austrheim formannskap den 11.03.2012 hadde til føremål å gjennomgå dei ulike arenaene Austrheim kommune har eigarskap i eller samarbeider på.

Denne oversikten er no bearbeida og supplert og under pkt. 9 i del 2 er det lagt inn kommentarer med motiv for eigarskapen eller andre tilhøve knutt til eigarskapen.

Del to er nemleg den strategiske delen der kommunen avklarar kva strategiske innspel kommunen ynskjer å gi inn mot dei ulike selskapa og samarbeidsarenaene. Del to kan også innehalda selskapsavtalar og/eller vedtekter for dei ulike selskapa eller arenaene for samarbeid.

I tillegg er det i del 3 utarbeida ei oversikt som syner kva eigedomar kommunen eig. Motivet er å sjå kva eigedomar treng for si verksemd og kva eigedomar som kan seljast og bidra til å finansiera vidare investeringar.

2. KS Eierforum om eigarskapsmelding:

En eierskapsmelding kan defineres som et overordnet politisk styringsinstrument for virksomhet som er lagt til et annet rettssubjekt, eget styre eller en vertskommune eller til et annet interkommunalt organ. Selv om en eiermelding primært sett skal handle om selskapene, bør den også skjele til de interkommunale samarbeid. En eierskapsmelding bør som minimum ha tre hovedpunkter5;

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid*
2. *Politisk (prinsipper for eierstyring) og juridiske styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene*
3. *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder vedtektsrevisjon.*

En eierskapsmelding vil sikre nødvendig styringssignaler til selskapene og tydeliggjøre lokalpolitikernes ansvar. Det vil bidra til å skaffe til veie en oversikt over kommunens samlede virksomhet, det vil gi de folkevalgte en mulighet til å sette seg inn i de juridiske styringsmulighetene som ligger i de ulike selskapsformene og det vil bidra til mer åpenhet overfor omverden i forhold til den samlede kommunale virksomhet. Gjennom en eierskapsmelding kan kommunen dessuten gi mer overordnede styringssignaler til selskapsstyrene. Eiermeldingen kan også inneholde et eget punkt om selskapenes samfunnsansvar, f.eks politiske målsettinger knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv. Eierskapsmeldingen bør reflektere det rettslige ansvarsmessige forholdet mellom selskapsform og eier. Kommunestyrene skal ikke gjennom eierskapsmeldingen detaljstyre selskapene, men bidra til å sikre samhandling og kommunikasjon mellom eierorgan og

kommunestyret overfor selskapene og omverden. Kommunestyrene bør også gjøres oppmerksom på at ved utskilling til selvstendige rettssubjekt opphører arbeidsgivertilknytningen til kommunen og behovet for å sikre en ny arbeidsgivertilknytning mtp interessepolitikk, tariffspørsmål og arbeidskonflikter som krever juridisk bistand.

*Som en videreføring av arbeid med egen eierskapsmelding kan det også utarbeides en interkommunal Eiermelding hvis kommunen er medeier i interkommunale selskaper eller andre selskaper sammen med andre kommuner. En interkommunal Eiermelding vil sikre felles føringer fra eierne der det er mulig, dvs overordnet eierskapsutøvelse. En oppfølging av meldingen kan ha som målsetting å gå mer i detalj på enkelt-selskap.
(sist endret mai 2010)*

3. KS Eierforum sine 19 tilrådingar

Austrheim kommune har teikna medlemskap i KS Eierforum.

Med utgangspunkt i KS Eierforum sine 19 råd om eigarskap, samt gjeldande lovverk og etablerte rutinar og ordningar i kommunen, så vert det i denne meldinga lagt fram eit samla oversyn over prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal leggjast til grunn for Austrheim kommune sin eigarskapspolitikk.

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte. Det anbefales at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får forelagt en oversikt over status for selskapene.

Austrheim kommune vil organisera ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette bør del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding og selskapskontroll.

Nr. 2 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger

Kommuner skal foreta en politisk gjennomgang av virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter eller interkommunale organer gjennom utarbeidelse av en eierskapsmelding.

Eierskapsmeldingen bør gjennomgås og eventuelt revideres hvert år i kommunestyret.

Eierskapsmeldingen skal følges av strategier og formål/selskapsavtale

for det enkelte selskap. Alt eierskap i selvstendige rettssubjekter skal fremgå på en klar og instruktiv måte i kommunens årsberetning.

Austrheim kommune vil utarbeida ei eigarskapsmelding etter Ks Eierforum sine råd. Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for dermed å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne formål, forventning og føresetnader. Eigarskapsmeldinga skal evaluerast av kommunestyret. Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskildselskap skal så langt råd er drøftast i kommunestyret.

Nr 3 Utarbeidelse og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapets virksomhet skal tydeliggjøres i vedtektene/selskapsavtalen. Innenfor rammen av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategier for sin virksomhet. Eierne skal ha et bevisst forhold til en eventuell forventet avkastning.

Austrheim kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sit eigarskap i ulike selskap. Eigarsragien skal tydeleggjera målet med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Innan rammene av selskapsavtalen/vedtektene skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for si verksemd. Formålet med selskapa vert vurdert med jamne mellomrøm for å sjå om det er behov for endrignar. I selskap der Austrheim kommune berre er eigar av ein del av selskapet må det sjølsagt takast omsyn til dette.

Nr 4 Vurderinger og valg av selskapsform

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset virksomhetens formål, eierstyringsbehov, markedsmessige forhold og konkurranseregelverket. Selskapet som skal ta risiko og operere i et marked bør etableres som et aksjeselskap. I selskap som skal yte tjenester i egenregi kan kommunalt foretak være hensiktsmessig. Stiftelser bør ikke brukes for virksomhet som krever eierstyring.

Før det vert teke endeleg stilling til om aktivitetar skal selskapsorganiserast og til val av selskapsform, så skal desse tilhøva vera vurdert for å sikra at den vedtekne selskapsforma står i høve til oppgåver, formål og funksjonar:

- Vilkåra for og behovet for direkte og reell politisk styring og utøving av strategisk eigarskap.
- Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet.
- Risikovurderingar; økonomisk, marknad, miljø og samfunnstryggleik, kvalitet og kvantitet på kommunale tenesta og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar.
- Selskap sin økonomiske fridom; forpliktingar i forhold til eit selskap kontra det å behalda eige beslutningsmynde når det gjeld prioritering av ressursbruk.
- Tilhøvet mellom kommunen si rolle som eigar og som myndighetsutøvar.
- Muligheter og begrensningar med omsyn til delegasjon av mynde.
- Fleksibilitet- endring av eigarforhold/samarbeid med private.
- Forholdet til forvaltningslov/offentleghetslov.
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve.
- Anskaffelsesreglane.
- Arbeidsgjevarpolitisk strategi

Nr. 5 Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosmhet

Selskaper som opererer med konkurransevirkosmhet i tillegg til monopolvirkosmhet, bør som hovedregel skille ut virksomheten for å unngå mistanke om muligheten for rolleblending og kryssubsidiering.

Austrheim kommune som eigar skal gjera ei særleg vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Kommunen vil i slike høve i størst mogeleg grad legge til grunn at selskap og verksemdar som dette er aktuelt for fysisk og organisatorsik skil dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda.

Nr 6 Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne sjå til at det føres kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet har derfor en viktig rolle i kommunen sin kontroll med selskapa. For at kontrollutvalet skal kunne ivareta sine tilsyns og kontrolloppgåver i forhold til selskapa, gir kommuneloven §§ 77 nr. 7 og 80 kontrollutvalet ein vidtgående rett til oopplysningar i selskapa som kommunen i sin heilskap eig åleine eller saman med andre. Kontrollutvalet legg fram minst 1 gang i valperioden ein plan for selskapskontroll, kommunestyret skal vedta.

Nr 7 Sammensetning og funksjon til eierorgan

For aksjeselskap og interkommunale selskaper anbefales det at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierutøvelsen skal speile kommunestyrets samlede/flertallsbeslutning. Det er sentralt at det opprettes en forutsigbar og klar kommunikasjon mellom eierorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte.

Austrheim kommune vil i hovudsak bygge vidare på etablert praksis:

-Sentrale folkevalde som hovudregel vert oppnemnd som eigarrepresentant i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønske og behov for oppfølging av selskapet si verksemd.

I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den som ho/han gir fullmakt, representera kommunen.

-Selskap der kommunen har eit uttrykt ønske og behov for det, rapporterer periodisk til komite eller til formannskapet.

-Einskilde selskap vert i periodar følgd opp tettare, avhengig av situasjonen, eigarinteresse og føremål.

-Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutinar mellom kommunen og selskap, og at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen mellom dei formelle eigarmøta.

-Årsrekneskap, årsrapportar, strategidokument og liknande vert lagt fram for politisk handsaming i forkant av eigarmøte. Eigarmøte skal varslast tidleg på året, og dokumenta bør liggja føre min 30 dagar før møte i generalforsamling/representantskap.

-Det politiske oranget som har desse sakene til handsaming(formannskap eller kommunestyret), gir eventuelle styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøte, og kan eventuelt instruera desse.

-Valnemnda gjer framlegg om kandidatar til styreverv. Dersom dei einskilde selskap har vedtekter om styresamansetting og valkomite vert dette retningsgjevande.

Nr 8 Gjennomføring av eiermøter

De formelle eiermøtene er enten generalforsamling eller representantskap, men det kan også innkalles til eiermøter i tillegg til disse.

Eigarmøta skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lovverk og i samsvar med presiseringar som framgår av KS Eigarforum si tilråding.

Nr 9 Eiers krav til profesjonelle styreverv i kommunal sektor

Det er eiers ansvar å sørge for at styret sammensettes og gis de nødvendige styringsrammene for å utøve sitt virke som et profesjonelt organ. Et profesjonelt styre som kollegium består av

personer med egnede personlige egenskaper som utfyller hverandre kompetansemessig. Styreverv i selskap er et personleig verv, og man skal ivareta selskapets interesser og eierne kollektivt.

Kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt føremål. Styret bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse. Styreverv krev evne og vilje til å prioritere styrearbeidet, ha høg integritet og evne til å stille kritiske spørsmål til leiing og andre i styret. Styremedlem må ha evne til å finne fram til løysingar som styret samla stiller seg bak, og bidra til å gje selskapet eit godt omdømme. Føremåla for kommunalt eigde selskap og selskap som kommunen deltek i er ulike, til dømes finansielt, poltisk eller meir samfunnsmotivert eigarskap. Dersom nødvendig kompetanse ikkje er tilstades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane ti selskap stå ved lag, og det vert om nødvendig gitt tilbod om opplæring.

Nr 10 Valgkomité for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskaper

Ved valg av styre til selskaper organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskaper, bør det vedtektsfestes bruk av valgkomité hvor formålet er å sikre sammensetning av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eiers formål med selskapet.

Valnemnda i Austheim kommune skal som hovudregel innstillinga Austheim kommune sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikra eit styre med nødvendig kompetanse til å leia selskapet i tråd med eigar sitt føremål. Samansetninga av styre bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og bør veljast ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet si eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra. Valkomiteen si tilråding bør grunngjevast. Særleg bør spørsmål knytt til mogelege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om habilitet vurderast.

Nr 11 Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene

Eier har ansvar for å sikre at styret besitter den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål, jmf. punkt 9. I dette ligger det også at eier står fritt til å skifte ut styremedlemmer innenfor valgperioden.

Styret har et selvstendig ansvar for årlig å foreta egenevaluering, både når det gjelder kompetanse og arbeid.

Styreleiar har eit særleg ansvar for å sikra at styrearbeidet fungerer godt og at styret har nødvendige rutinar for sitt arbeid i høve selskapet si verksemd og storleik. Styreleiar er ansvarleg for at den samla kompetansen i styret vert effektivt nytta, og at kompetansen blant styremedlemene vert utvikla, jamfør KS Eigarforum sine tilrådingar. Som ein generell regel skal alle styremedlemene ha høve til opplæring i styrearbeid. Styret skal i årsmeldinga gje ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing.

Nr 12 Styresammensetning i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

Austrheim kommune vil selskap organisert etter konsernmodell, så langt råd er leggja premissar skissert av KS Eigarforum til grunn for styrerepresentasjon.

Nr 13 Oppnevning av vararepresentanter

Der det utpekes vara til styre bør ordningen med numerisk vara benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Austrheim kommune vil som hovedregel gå inn for ei ordning med numerisk vara til styre for å sikre kontinuitet og kompetanse.

Nr 14 Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene

Det anbefales å unngå situasjoner der styrets medlemmer jevnlig blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av *ledende politikere* i selskapsstyrene. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter, og at selskapenes eierorgan oppretter en valgkomité som innstiller til det organ som skal velge styrerepresentanter.

Som hovedregel skal leiende politikarar ikkje sitja i selskapsstyra. Spørsmålet skal vurderast utifrå selskapet sitt føremål. Valnemnda skal i si innstilling særleg vurdere mogelege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltningslova.

Nr 15 Kjønnrepresentasjon i styrene

I loven er det nå krav om 40 % kjønnrepresentasjon i styrene for både interkommunale selskap, aksjeselskap og aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner har eiermajoritet.

Austrheim kommune vil uavhengig av selskapsform arbeide for lik kjønnrepresentasjon i styra.

Nr 16 Godtgjøring og registrering av styreverv

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse og eventuell revidering av eiermelding gjennomføre en prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregister.no

Godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i skal mellom anna reflektera styret sitt økonomiske og strafferettslege ansvar. Generelt bør styreleiar godtgjerast særskilt i høve til styremedlemene.

Selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for økonomisk ansvar for alle styremedlemene. Styremedlemer bør ikkje påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap, bør registra verva på www.styrevervregister.no.

Nr. 17 Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter

Det anbefales at selskapene ved utskilling av virksomhet til selvstendige rettssubjekter søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon

Ved eventuell utskiljing av kommunal verksemd i sjølvstendig rettssubjekt, så skal spørsmålet om tilknytning til ein arbeidsgjevarorganisasjon vurderast særskilt.

Nr. 18 Utarbeidelse av etiske retningslinjer

Det anbefales at eier påser at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Austrheim kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i formål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Etiske retningslinjer skal utarbeidast i det enkelt selskap. Retningslinjene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak.

Administrasjonssjefens rolle som budsjettansvarlig for kommunens samlede økonomiske virksomhet herunder foretakene kombinert med manglende instruksjonsmyndighet overfor daglig leders disponeringer bør være gjenstand for en samhandlingsdiskusjon ved opprettelse av foretak. Administrasjonssjefen, stedfortreder eller andre i ledende administrative posisjoner samt medlem av fylkes- og kommunalråd kan ikke sitte i styret. I kommuner med parlamentarisme kan *ikke* kommune- og fylkesråd sitte i foretaksstyrene. Det samme gjelder administrasjonssjef/stedfortreder. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. (Austrheim kommune har ingen kommunale føretak)

Som hovedregel skal rådmannen ikkje sitja i selskapsstyra kor kommunen har eigarinteresser. Rådmannen og rådmannen sin stedfortreder skal ikkje sitja i foretaksstyra. Rådmannen si samhandlingsrolle ovanfor foretak skal vurderast særskilt i samband med etablering av foretaket.

4. Arbeid med eigarskapsmeldinga:

1. Austrheim formannskap har i møte den 11.03.2012 handsama eigarskapsmelding der det var utarbeida ei innleiing og ei oversikt som syner dei ulike selskapa Austrheim kommune er involvert i.

2. Det er nå utarbeida eit revidert oversyn som syner alle selskap der kommunen er involvert der kvart selskap er gjennomgått etter fylgjande mal:

- (1) Namn på selskapet
- (2) Eigarar og eigardelar i pst
- (3) Formål (Referer stort sett til vedtekter)
- (4) Sentrale oppgåver for selskapet
- (5) Styringsform og styringsorgan
- (6) Rapporteringsrutiner
- (7) Kommunen sitt økonomiske engsjement
- (8) Økonomiske nøkkeltal for selskapet
- (9) Kommunentarer (motiv for eigarskap, eller andre tilhøve knytt til eigarskapen)

3. I tillegg er det utarbeida ei oversikt som syner kommunen sine eigdomar. Denne oversikten er gradert som fylgjar:

- (1) Eigedomar som det er viktig at kommunen eig
- (2) Budstader/leiligheter som er utleigd
- (3) Aktuelle eigedomar som kan avhendast heilt eller delvis.

Del 2 Selskapsoversyn

2.1 Avgrensing av selskapsgjennomgangen

Det vert i denne delen omtalt dei fleste selskap der kommunen er heil- eller deleigar. Nokre selskap vert det berre referert til i ei konsentrert oppstilling.

Det vert nytta ein metodikk som gjer at ei årleg oppdatering ikkje vert særleg tidkrevjande.

Fylgjande opplysningar vert så langt råd knytt til omtalen av det enkelte selskap

1. Namn på selskapet
2. Eigarar og eigardelar i pst
3. Formål (referer stort sett til vedtekter)
4. Sentrale oppgåver for selskapet
5. Styringsform og styringsorgan
6. Rapporteringsrutinar
7. Kommunen sitt økonomiske engasjement
8. Økonomiske nøkkeltal for selskapet
9. Kommenterarar (motiv for eigarskap, eller andre tilhøve knytt til eigarskapen)

2.2. Selskap der Austrheim kommune har eigarinteresser

2.2.1.AS Austrheim Næringssselskap

1. Selskapet sitt namn:

AS Austrheim Næringssselskap

2. Eigardel i %

100 %

- 3.Føremål

Selskapet har som føremål å fremja næringsutvikling i Austrheim kommune ved å driva utleigeverksemd, ved leige eller kjøp av fast eigedom og sal/kjøp av lokaler, bygningar eller tomtar. Selskapet skal vidare yte hjelp i samband med utvikling/omlegging av eksisterande bedrifter, ved utviklings/oppstart av nye verksemdar og ved næringsretta utgreiingsarbeid og anna tiltaksretta verksemd.

4. Sentrale oppgåver for selskapet

Selskapet kjøpte i 2010 5 leiligheter og 6 tomter til ungdomsbustader.

Ein av bustadene vart seld i 2011 og 3 bustader vart seld i 2014. 1 tomt er seld og to tomter er bebygde(Breivikvegen 4 og 8) i 2014.

Status i dag: Selskapet eig ein mindre bustad, to hus og 3 tomter. Bustaden vert utleigd.

Status i dag: Desse eigedomane er utleigd til flyktningar.

Selskapet eig aksjer i Mongstad vekst.(12,5%)

Selskapet har frå juni 2012 til mai 2013 hatt tilsett prosjektleiar for « Austrheim heile livet ».

Status i dag: Prosjektleiaren er overført til Austrheim kommune med verknad frå 01.05.14 som vert avslutta 01.11.2015 som planlagt.

5. Styringsform

Det er 5 medlemmer i styret. Generalforsamling.

6. Rapporteringsrutiner

a) Generalforsamling

b) Årsmelding

7. Kommunen sitt økonomiske engasjement

Kommunen eig alle aksjene i selskapet. Austrheim kommunestyre har vedteke at kommunen skal dekke finansiering av restlånet for dei tre tomtane og den eine bustaden.

8. Økonomiske nøkkeltal 2013

Brutto driftsinntekt: 1.057.400,-

Brutto driftsutgift: 2.434.882,-

Driftsresultat: - 1.377.482,-

Årsresultat: - 1.613.444,-

Sum egenkapital og gjeld: 9.701.614

9. Kommenterarar – motiv for eigarskap

Kjøp, sal og utleige av bustader er tiltak som etter vedtektene er ein aktivitet som selskapet kan drive med, men dersom denne aktiviteten skal fortsette og eventelt utvidast med å overta kjøp og sal av eigedomar for kommunen må det tilsetjast personale til forvalte denne aktiviteten.

Med utgangspunkt i den reelle situasjonen er det naturleg å legge ned selskapet og overdra eigdomane selskapet eig og aksjane til kommunen. Tilsvarande må selskapet si gjeld overdrast til kommunen.

2.2.2 Nordhordland industriservice

1. Selskapet sitt namn:

Nordhordland industriservice

2. Eigardel i %

Austrheim kommune har aksjer i selskapet for kr. 38.500,-.

3. Føremål

Nordhordland Industriservice AS er ei arbeidsmarknadsbedrift som gir opplæring og kvalifisering til arbeidssøkarar på attføring.

4. Sentrale oppgåver for selskapet

NIS gir tilbod om opplæring og praksis til arbeidssøkarar som på grunn av sjukdom, skade eller sosiale forhold har behov for attføring til arbeid. I nært samarbeid med ressurspersonar i verksemda, kan dei finne frem til kva arbeidsområde som passer best for dei.

5. Styringsform

NIS er eit aksjeselskap og leiast av eit styre på 7 medlemmar. Desse vert vald av generalforsamlinga.

6. Rapporteringsrutiner

Generalforsamling, årsmelding og rekneskap

7. Kommunen sitt økonomiske engasjement

Investert beløp: kr 38. 500,-

8. Økonomiske nøkkeltal 2013

Driftsinntekter kr. 20.094.000,-

Driftskostnader « 22.103.000,-

Årsresultat « -1.883.000,-

Sum egenkapital « 11.024.000,-
Sum gjeld: « 3.164.000,-

9. Kommentarer – motiv for eigarskap

Austrheim kommune ønsker å bidra til at arbeidstakarar som har behov for ekstra tilrettelegging i ein periode kan koma attende til aktivt yrkesliv og ynskjer difor å vidareføre aktiviteten gjennom dette selskapet.

2.2.3 BKK

1. Selskapets namn:

BKK

2. Eigarskapsdel:

0,43 %

3. Føremål:

Utdrag frå årsmeldinga 2008

”Kraftselskapet BKK har sine røtter og sin virksomhet på Vestlandet. Konsernets hovedaktiviteter er produksjon, omsetning og transport av elektrisk kraft. I tilknytning til hovedaktivitetene selges også rådgivings- og entreprenørtjenester. BKK tilbyr dessuten bredbånd, boligalarm, varmepumper, kabel-tv, bredbåndstelefon, fjernvarme og fellesmåling av energi.”

”Vår visjon i 2008 var ”Vestlandets eget kraftselskap”. Konsernet drives med basis i vårt verdigrunnlag: Verdiskapende, samfunnsansvarlig, offensiv og pålitelig. Hovedkontoret ligger i Bergen.”

4. Sentrale oppgaver:

Forretningsområde Energi driver utbygging, drift og vedlikehold av kraftverk, engrosomsetning av kraft, entreprenørvirksomhet, fjernvarme og salg av rådgivingstjenester. Forretningsområde Nett sørger for sikker og stabil strømforsyning til nettkunder. Forretningsområde Kunde samler konsernets kunderettede aktiviteter og leverer løsninger innen energi, kommunikasjon og trygghet til hjem og bedrifter. Forretningsområdet består av selskapene BKK Marked, Kundetjenester og BKK Energimåling, samt konsernets andel i selskapene Eninvest, Fjordkraft.

5. Styringsform og styringsorgan

BKK eies av Statkraft 49.9% og 17 kommuner mellom Sognefjorden og Hardangerfjorden. Styret i BKK AS består av 12 medlemmer. 4 fra Statkraft, 3 fra kommunale eiere, 1 fra Hordaland fylkeskommune og 4 fra de ansatte.

6. Rapporteringsrutiner

- a) Generalforsamling
- b) Årlege eigarmøte
- c) Årsmelding
- d) Publikasjonar – eigarskapsbulletin

7. kommunen sitt økonomiske engasjement:

kr. 52 171 520,-

8 Økonomiske nøkkeltal 2013

Brutto driftsinntekter 3 895 000 000

Netto driftsinntekter 3 250 000 000
Driftsresultat 1 395 000 000
Resultat før skattekostnad 1 293 000 000
Austrheim kommune har 640 A-aksjer
Det totale utbytte for 2013 var kr. 799 822 575

9. Kommenterarar til eigarskapet

Som en samfunnsansvarlig aktør er BKK en aktiv pådriver for en bærekraftig utvikling i vestlandsregionen, og samarbeider på tvers av bransjer og næringer for en felles, fremtidsrettet satsing i regionen vår

Samfunnet har gitt oss anledning til å forvalte naturressurser og viktig infrastruktur - vi ser det som vårt ansvar å bidra tilbake til samfunnet.

Eigarskapet gjev årlege gode utbytter. Sal av eigardel kan gje god inntekt, men slik status er i dag er dette ikkje aktuelt.

2.2.4 Aufera

1. Selskapet sitt namn:

Aufera

2. Eigardel i %

37%

3. Føremål

Aufera AS er ei VTA verksemd på Austrheim, Fedje og Radøy. VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid er retta mot yrkeshemma personar som treng særskild tilretteleggjing for kortare eller lenger tid.

4. Sentrale oppgåver

Aufera skal gje arbeid til personar som ikkje kan få arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden.

5. Styringsform og styringsorgan

Fem representantar i styret der Austrheim kommune har to representantar
Generalforsamling

6. Rapporteringsrutiner

- Årsmelding
- Styrerepresentasjon
- Generalforsamling

7. Kommunen sitt økonomiske engasjement

Investert beløp: kr 128 834,-

8. Økonomiske nøkkeltal 2013

Driftsinntekter: 6.899.664
Driftskostnader: 6.600.734
Netto finansposter: 195.818
Årsresultat: 298.930

9. Kommenterarar – motiv for eigarskap

Gir tilbod til dei som over eit kortare eller lengre tidsrom har behov for eit tilrettelagt arbeidstilbod. Vanskjeleg å fremskaffe andre tilbod på dette området. Naturleg for kommunen å vidareføre sitt engasjement i dette selskapet.

2.3. Andre selskap der kommunen har eigarskap

2.3.1. Sambandet Vest AS

1. Selskapet sitt namn

Sambandet vest AS

2. Eigarar og eigardelar

Austrheim kommune eig aksjar i selskapet.

3. Formål (referer stort sett til vedtekter)

Føremålet til selskapet er å realisere infrastruktur til eit tverrsamband mellom kommunane Øygarden, Askøy, meland og Radøy. Dette vil binda saman olje- og gassdestinasjonane Kollsnes, Sture og Mongstad. Selskapet skal arbeida aktivt med utgreiinga og planar som er nødvendige for lokale, regionale og nasjonale vedtak.

4. Sentrale oppgåver for selskapet

Selskapet arbeider aktivt med utgreiing og planar for å gjennomføra tverrsambandet.

5. Styringsform og styringsorgan

Aksjeselskap med styre og generalforsamling

6. Rapporteringsrutinar

(1) Generalforsamling

(2) Årsmelding

7. Kommunen sitt økonomiske engasjement

Austrheim kommune har bidratt med aksjekapitalen

Austrheim kommune har vedteke å gje tilskot i åra 2015, 2016 og 2017 med kr. 63.281,- kvart år

8. Økonomiske nøkkeltal for selskapet

Selskapet er avhengig av årlege tilskot for å oppretthalde verksemda.

9. Kommenterarar (motiv for eigarskap, eller andre tilhøve knytt til eigarskapen)

Naturleg for kommunen å delta i selskapet i prosjekteringsfasen. Kommunen har gjort vedtak om å delta i åra 2015, 2016 og 2017. Som ein del av prosjektet skal RV 565 oppgraderast med gang og sykkelsti gjennom Austrheim.

2.3.2. Andre selskap der kommunen har eigarskap

Selskap	Økonomi	Viare eigarskap
KLP	Det betales årlege innskudd for å dekke fremtidige pensjonar for tilsette i kommunen.	Kommunen kan legge tilbodet ut på anbud. Ikkje aktuelt då få konkurrenter som har tilsvarande tilbod.
Biblioteksentralen	Kr. 300,-	Organ som yter service til biblioteket. Andel er den lågaste.
Nordhordland Bioenergi BA	Målsetting for selskapet er å omskapa ein lokal ressurs til miljøvennleg energi Aksjar for kr. 10 000 I 2015 vart det innbetalt kr. 39.749,- i tilskot.	Naturleg å følgje utviklinga innan området.
Visit Fjordkysten AS	Aksjar for kr. 10.000,-	Naturleg samarbeidspartner vidare for reiselivet.
D/S Aaskaas	Kr. 6,92	Sovande aksje.

2.4. Andre Samarbeidstiltak

Selskap	Investert beløp	Vidare eigarskap/samarbeid
a) Bergen og Omland Havnevesen	Kommunen eig ikkje andelar i selskapet, men deltar i samarbeidet med Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommunar. Det vert ikkje innbetalt årleg tilskot.	Vidare samarbeid er naturleg for Austrheim kommune. Det er gjort vedtak om oppløysing av verksemda. Nyetablering av selskapet er på gang. Selskapet har kompetanse innan hamnespørsmål som er viktig for Austrheim kommune å vidareføre.
b) Opplæringskontoret i Nordhordland	Overskotet vert delt ut til kommuane som har lærlingar	Eit nyttig samarbeidsprosjekt det er naturleg å oppretthalde. Arbeidet med lærlingar vert koordinert frå dette kontoret.
c) Bergen og Omland Friluftsråd	Har til føremål å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområde i bergensregionen. Kontingent vert betalt etter folketalet. I 2015 vart det innbetalt kr. 45.558,-	Forvalter ein del områder i Austrheim kommune og det er naturleg for kommunen å fortsette engasjementet.

d) Stiftinga Kystsovekevene	Utvikling av kystkulturtribodet og arrangerer årlege kystsovekevene. Mindre økonomisk engasjement. Her vert det ikkje innbetalt tilskot.	Naturleg samarbeidspartner vidare.
e) Business Region Bergen (BRB)	Driver regional næringsutvikling. Er medlem gjennom regionrådet og det vart i 2015 innbetalt kr.28.560,- frå Austrheim kommune.	Vidare engasjement bør vurderast.
f) HOG Energi	Årleg tilskot på kr. 50.000,-	Nyttig samarbeidspartner i høve kommunen sitt engasjement i oljeverksemd.
g) Samfunnsutvikling/næring	Austrheim kommune og Lindås kommune har brukt om lag kr. 1.000.000,- årleg på dette prosjektet.	Prosjektet vart avslutta 1.1. 2016. Næringsjefen er engasjert vidare i Lindås kommune.
h) Oljevernutvalet (IUA)	Ei aksjonsorganisasjon i høve forureining som vert koordinert av Bergen Brannvesen Tilskot i 2015 er kr. 43.813,-.	Naturleg å delta i dette samarbeidsorganet.
i) Fagspesialisering bibliotek	Eit fagorgan for biblioteket.	Naturleg å fortsette i dette organet.
j) Nordhordland Kursregion	Eit samarbeidsorgan om etter- og vidareutdanning for skule og barnehage.	Naturleg å vidareføre dette organet.
k) Nettverk for Petroleumskommunar (NPK)	Nettverk av petroleumskommunar (NPK) er eit rådgjevande og koordinerande organ for ilandøfringskommunar med olje og gassanlegg. Årlegg innbetaling på kr. 100.000,-.	Naturleg samarbeidsorgan vidare. Fremmer kommunen sine interesser som ein av vertskommunane til Mongstadanlegget.
l) Museumsenteret i Salhus	Tilskot i 2015 med kr. 25.228,-	Vidare engasjement skal vurderast av kulturavdelinga i 2016.

2.5. Samarbeidstiltak organisert med vertskommunar

Tiltak	Vertskommune	Økonomi	Styring	Vidare deltaking
Nordhordland legevakt	Lindås	kr. 1.59 mill. i tilskot frå AK i 2015	Kommunalsjefane er administrativ nemnd.	Naturleg for Austrheim og vidareføre dette samarbeidet
Nordhordland og Gulen interkom.branntilsyn (NGIB)	Lindås	Kr. 258.000,- i tilskot for 2015.	Brannsjefane er adm.nemnd	Naturleg å vidareføre deltaking i dette samarbeidet.
Nordhordland IKT	Osterøy	Ca. kr. 2.0 mill. i tilskot frå AK i 2015	Rådmannsgruppa i Nordhordland er styre	Naturleg for Austrheim og vidareføre dette samarbeidet
Interkommunalt landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy komuner	Radøy	Ca. kr. 600.000 i tilskot frå Austrheim kommune i 2015	Rådmannen i Radøy	Naturleg å vidareføre.

2.6. Interkommunale selskap IKS

2.6.1 Nordhordland Utviklingselskap IKS

Selskapet er etablert med utgangspunkt i selskapsavtale for Nordhord Utviklingselskap IKS:

Eigarar og eigardelar

Eigarar: Kommunane i Nordhordland + Gulen og Osterøy – totalt 9 kommunar

Austrheim kommune sin eigardel er 6,47%

Formål (selskapsavtale) § 3:

Selskapet skal:

- Arbeid i samsvar med det politiske organet RNH sit føremål
- Ivareta økonomiske og administrative oppgåver for RNH
- Ivareta saksførebuing og sakshandsaming av saker for RNH
- Gjennomføre utviklingsarbeid som er i tråd med føremålet til RNH
- Ta på seg økonomiske og administrative oppgåver samt utviklingsoppdrag for eigarkommuneane etter særskild avtale.

Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med kommunar, fylkeskommunar og andre verksemder.

Selskapet kan gå inn som eigar i andre veksemder, innanfor rammene til kommunelova og andre lover og føresegner til kommunar si deltaking i verksemder/forretningsdrift.

Selskapet har kontoradresse i Lindås kommune.

Styringsform og styringsorgan

Representantskap, styre

Etablerte rapporteringsrutinar

Møtedeltaking i styre og representantskap

Nøkkeltal – 2013

Driftsinntekter 10 798 598

Driftsutgifter 13 408 087

Brutto driftsresultat 2 609 489

Netto driftsresultat 2 404 637

Totale Interne

Finansieringstransaksjoner - 2 594 881

Årets resultat - 190 244

Vidare engasjement i selskapet:

So lenge kommuneinndelinga er som i dag er det naturleg å oppretthalde engasjementet i selskapet.

2.6.2 NGIR

Selskapet er etablert med utgangspunkt i selskapsavtale for Nordhordland og Gulen interko renovasjonsselskap IKS. Selskapet utøver ei lovpålagt kommunal oppgåve. I tillegg g er det renovasjon og det er egne avtaler om avfall med næringverksemdar.

Eigardel for Austrheim kommune

7,88 %

Føremål med selskapet

NGIR skal vere eit selskap med høg kompetanse innan avfallshandsaming, og skal til ein kvar tid vere pådrivar for å utvikle nye og gode avfallslysingar

Sentrale oppgåver:

Å vere pådrivar for å redusere avfallsmenger og auke gjennvinning.

Samordne arbeidet med utarbeiding av avfallsplanar for kommunane

Planleggje, byggje og drive mottak, sortering og gjennvinning av avfall og slam

Planleggje og drive anlegg miljømessig

Å stå for oppsamling og innsamling og transport av avfall

Styringsform

Representantskap, styre

Etablerte rapporteringsrutiner

Møtedeltaking i representantskapet

Nøkkeltal 2013

Driftsinntekter 91 231 957

Driftskostnader 86 517 620

Driftsresultat 4 714 338

Resultat etter skatt 4 494 532

Vidare engasjement i selskapet:

Denne driftsformen er naturleg å oppretthalde vidare.

2.6.3 Nordhordland revisjon IKS

Selskapet si aktivitet bygger på ein eigen selskapsavtale.

Eigarandel til Austrheim kommune

11,1 %

Føremål med selskapet

Nordhordland revisjon IKS har som oppgave å utføre revisjon i kommunar i høve lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. sept 1992.

Sentrale oppgaver:

Nordhordland revisjon iks skal på vegne av kommunestyret og kontrollutvalet stå for jamleg kontroll med forvaltninga i kommunar i høve til forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval.

Arbeidsområdet er nærere definert i forskrift om revisjon. "

Selskapet kan ha eksterne oppdrag som ikkje er ein del av kommunen sin forvaltingsverkesemd.

Dette skal være sjølvfinansierende.

Styringsform

Styre med 5 medlemar vald av representantskapet.

Representantskap med 7 medlemmar (ordførarane)

Kommunen sitt økonomiske engasjement

Kr 480 000,- for rekneskapsåret 2013

Vidare engasjement i selskapet

Kontrollutvalet vert bedt om å sjå på organiseringa av Nordhordland Revisjon IKS om dette er selskapsformen som er mest gunstig for revisjonsordninga. I tillegg bør kontrollutvalet vurdere å legge denne tenesta ut på anbod. Kontrollutvalet bør kome med ei tilbakemelding til kommunestyret så snart som mogeleg.

2.6.4 Interkommunalt arkiv Hordaland IKS

Eigardel for Austrheim kommune

1,97%

Føremålet med selskapet

Har som føremål å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blit tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Styringsform

Representantskap, styre

Etablerte rapporteringsrutiner

Møtedeltaking i representantskapet

Nøkkeltal 2013

Driftsinntekter 6 556 884,79

Driftskostnader 6 599 777,59

Driftsresultat - 42 892,80

Austrheim kommune har bidratt med kr. 90.000,- i tilskot i 2013.

Vidare engasjement i selskapet:

Naturleg å oppretthalde vidare engasjement i denne IKS en då selskapet driv med aktivitet som vanskjeleg kan oppretthaldast lokalt. Det er 32 medlemskommunar i Hordaland.

Del 3 – Kommunale eigedomar

Vedlagt er oversikt som syner eigedomar som kommunen eig.

Oversikten viser eigedomane inndelt i gårdsnummer frå 128 – 165., sjå eiga oversikt som viser inndelinga i gårdsnummer i kommunen.

Oversikten har fylgjande gradering :

	Eigedomar som det er viktig at Austrheim kommune eig
	Bustader/Leiligheiter som er utleigd
	Gårdsnummer der Austrheim kommune har eigedomar
	Aktuelle eigedomar som kan avhendast heilt eller delvis

I denne oversikten er det altså gjort ei vurdering av statusen til eigedomane og i den vidare utgreiinga er det dei eigedomane som er markert med grønt som er gjenstad for vurdering om det er aktuelt og avhende.

Fylgjande eigedomar er vurdert:

1.Gnr 128 bnr. 68

2. Gnr 130 bnr. 7

3.Gnr. 130 bnr. 159 og 160

4. Gnr 131 (Fonnes Aust)

5.Gnr.131 bnr. 115

6.Gnr.131 bnr. 195

7.Gnr.131 bnr. 195

8.Gnr.132 bnr. 41 og 46

9.Gnr.142 bnr. 85

10.Gnr.142 bnr. 101

11.Gnr.142 bnr. 124

12.Gnr.142 bnr. 209

13.Gnr.149 bnr. 5

14.Gnr.149 bnr. 150

15.Gnr.149 bnr. 11 og 26


16.Gnr. 165 bnr. 54

17.Gnr. 166

18.Gnr. 166

1.Gnr 128 bnr. 68

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	128/68		Industri	26249



Vurdering:


Området er regulert til industri og er eit godt eigna område å tilrettelegge for lettere industriverksemd. Med beliggenhet nær Mongstadkrysset er dette ei eigedom som bør vera lett omsetteleg. Det er lagt veg gjennom eigedomen fram til anleggsleiren. Området bør utviklast for sal enten gjennom egne ressursar eller det kan engasjerast andre som kan vidareutvikle området.

Konklusjon:

Eigedomen må tilretteleggjast for sal.

2. Gnr 130 bnr. 7

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	130/7	Vardevegen 58	Bustad/friomr.	13275



Vurdering:

Det er utarbeida ei takst for utvikling av 7 da av eiegdomen til bustadføre mål. Taksten for eiegdomen er satt til kr. 1.100.000,- . Eiegdomen må detaljregulerast.

Konklusjon:

Eiegdomen bør seljast i samsvar med takst.

3.Gnr. 130 bnr. 159 og 160

130/159		Industri	124970
130/160		Industri	179546



Vurdering:

Dette er eit industriområde som vart kjøpt i 2009/2010 med tanke på å utnytte området til framtidige etableringar. Det har vore interessenter som ynskjer å regulering område , men dette har ikkje ført frem til ein endeleg avtale. Området må detalregulerast slik at arealtet kan utviklast vidare. Dette bør i utgangspunktet gjerast av kommunen, men også interessenter kan vera aktuell.

Konklusjon:

Gnr 130 bnr. 159 og 160 bør detaljregulerast.

4. Gnr 131 (Fønnes Aust)

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	Fønnes Aust		Kai	



Vurdering:


Sjå kairapport der denne kaien er lagt i kategori A som fyrårn dvs. kai som det verkeleg er vert å satsa på. Eventuelt sal/avhending av kaien må vurderst.

Konklusjon:

Overdraging av kaien til private må vurderast, men må gjennomførast i samband med det vidare arbeidet med kairapporten og i dialog med Fønnesbygda.

5.Gnr.131 bnr. 115

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	131/115		Bustadområde	22477



Vurdering:

Her er det behov for detalregulering. Her kan det frigjerast to tomtar for fritt sal og dessutan er området aktuelt for bygging av omsorgsbustader.


Sal av to tomtar kan gje om lag kr. 700.000,-.

Konklusjon:

Området må detaljregulerast før det kan seljast tre tomtar . Sal av to tomtane vil utgjere om lag kr. 700.000,-.

6.Gnr.131 bnr. 195

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	131/195	Vardevegen 77	Forretning	827



Vurdering:


Det ligg føre ein avtale om utleige av areal til oppsatt brakke på området. Denne avtalen går ut 01.10.2016. Eigedomen må leggjast ut for sal.

Konklusjon:

Ved utløpet av leigeavtalen den 01.10.2016 må det vurderast kva eigedomen skal nyttast til vidare.

7.Gnr.131 bnr. 195

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	Utkilen-Austsida		Kai	



Sjå kairapport prosjekt 28. Kategori D

Vurdering:


I kairapporten er kaien fremsstilt som sterkt skada og deformert. Slik kaien framstår i dag er den ubrukeleg. Vegen ned til kaien er grodd igjen. Kan vurdere avhending.

Konklusjon:

Sal/avhending av kaien på Utkilen kan vera aktuelt.

8.Gnr.132 bnr. 41 og 46

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	132/41		Boligområde	21014
1264	132/46		Boligområde	84964



Vurdering:


Eit stort område som er avsatt til bustadføremål. Bør detaljregulerast. Området bør vurderast for sal, men det er ikkje marknad i dag for å vidare selge dette området.

Konklusjon:

Dersom det er interessenter som ynskjer å satse på bustadbygging i dette området kan sal av området vera aktuelt.

9.Gnr.142 bnr. 85

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	142/85		Framtidig bustader	30507



Vurdering:


Attraktivt område med muligheter for utbygging. På eigedomen står det i dag eit mindre bygg som vert utleigd til Austrheim Vidaregåande skule. Dette området må vurderst i dialog med AVS. Området sørvest for AVS må regulerast slik at det vert tilgjengeleg fleire bustadtomtar. Tidlegare har ein tomt vert seld innanfor dette området.

Konklusjon:

Området sørvest for AVS må detaljregulerast slik at det vert tilgjengeleg fleire tomter for sal. Det er særst viktig å leggje til rette for ein ny Austrheim vidaregåande skule.

10.Gnr.142 bnr. 101

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	142/101	Sætremarka 2	Off.bygg	34521



Vurdering:

Det er inngått ein kjøpsavtale om området nord for brannstasjonen.(definert forretningsområde) Vest for Sætremarka borettslag har kommunen ein eigdom regulert til bustader. Tanken her er vidare utbygging av omsorgsbustader.(Det er på gang omregulering der tanken er å få på plass til fleire bustader) . Sal av forretningsområde vil gje om lag kr. 400.000,- i inntekt. Området til omsorgsbustader kan utbyggjast av kommunen eller overførast til borettslaget.I tillegg er det ein einskildtomt bør avhendast.

Konklusjon:

Når forretningseigedommen vert overdrege til ny eigar vil dette gje ei inntekt på om lag kr.400.000,- og sal av ein einskild tomt bør gje kr. 300.000,- i inntekt.

11.Gnr.142 bnr. 124

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	142/124		Framt.bustad ?	30507



Vurdering:


Attraktivt område som er sjønært og med mulighet for utbygging. Området må regulerast slik at det vert mulig å bygge bustader i området. Dette må sjåast i samanheng med regulering på gnr. 142 bnr. 85.

Konklusjon:

Området må detaljregulerast.

12.Gnr.142 bnr. 209

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	142/209		Bustad	1676



Vurdering.

Bustadtomt som ligg i området bak kommunehuset i nærleiken av Sætre marka borettslag.


Tomten bør seljast. Må takserast. Må kunne gje minimum kr. 300.000,- i inntekt, sjå også gnr. 142 bnr. 101.

Konklusjon:

Gnr 142 bnr. 209 bør seljast etter takst.

13.Gnr.149 bnr. 5

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	149/5		Gamle.K-hus	1051



Vurdering:

Dette er det gamle kommunehuset med brakke. Er i dag leigd ut til kulturføremål.


Eigedomen bør overførast til andre, men inntekstpotensialet her er dårleg. For tida vert dette nytta til kunsthús. Dersom desse får andre lokalitetar kan sal vurderast.

Konklusjon:

Eigedomen må vurderast for overdraging ved seinare høve.

14.Gnr.149 bnr. 150

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	149/150		Bustad	828



Vurdering:


Dette er ei byggeklar tomt i Høgeberget som er taksert til kr. 350.000,-.Bør seljast.

Konklusjon:

Gnr. 149 bnr.150 vert seld til kr. 350.000,- i samsvar med takst.

15.Gnr.149 bnr. 11 og 26

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	164/11		Forr./Kaiar	1825
1264	164/26		Forretning	1508



Vurdering:


Dette er Rongevær Kurs og fritidssenter. Vert dreve med ein kommunal medarbeidar i dag og er ein populær plass. Dersom eigedomen skal avhendast er turistforeining eller Bergen og Omland friluftsråd mest aktuelle . Kan også seljast til private.I utgangspunktet bør denne eigedomen vera tilgjengeleg for ålmenta.

Konklusjon:

Austrheim kommune bør i utgangspunktet fortsatt stå som eigar, men dersom det melder seg seriøse interessantar som vil drive staden vidare må sal/eller utleige vurderast.

16.Gnr.165 bnr. 54

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	165/54		Naust, friomr.	6012



Vurdering:

Dette området inneheld tre naustetomt, småbåthamn og friområde. Kommunen bør involvere seg i småbåthamnprosjektet då dette ligg på kommunal eigeedom. Dei tre naustetomtane bør seljast for kr. 300.000,- pr tomt. Det må utarbeidast ein plan for småbåthamn i området.

Konklusjon:

Dei tre naustetomtane som kommune eig bør seljast for takst.

17.Gnr.166

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	Sævrøy Vest		Kai	



Vurdering:


Sjå kairapport der denne kaien er lagt i kategori D som aktuell for sal.. Eventuelt sal/avhending av kaien må vurderst. Kaien vart kontrollert den 05.03.09 og det ble estimert ei kostnad for utbetring på kr. 78.000,-.

Konklusjon:

Overdraging av kaien til private må vurderast, men må gjennomførast i samband med det vidare arbeidet med kairapporten.

18.Gnr.166

Komm	Matrikelnr	Adresse	Status	Areal
1264	Sævrøy Aust		Kai	



Vurdering:

Sjå kairapport der denne kaien er lagt i kategori D som aktuell for sal.. Eventuelt sal/avhending av kaien må vurderst. Eigartilhøve er ikkje heilt avklar.

Konklusjon:

Overdraging av kaien til private må vurderast, men må gjennomførast i samband med det vidare arbeidet med kairapporten.